



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

## Referat

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 16. februar 2017  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 2/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverge

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



## Sakliste:

Saksnr.	
F-06/17	Søknad til kommunen om auka tilskot
F-07/17	Endring av inventar i kyrkja
F-08/17	Godkjenning av referat
F-09/17	Meldingssaker
F-10/17	Open post

### F-Sak 06/17: Søknad til kommunen om auka tilskot for 2017

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet viser til saksutgreiing og søknad m/ notat, og går inn for at det skal sendast søknad til kommunen om å få auka tilskotet til kyrkja med kr. \_\_\_\_\_ for 2017. Vidare vil rådet oppmoda kommunen til å leggja inn ei opptrapping, slik at kyrkja i Fitjar får tilskot på niva med snittet for kostragruppa der Fitjar høyrer heime i løpet av tre år.

#### **Behandling i Fellesrådet 16. februar 2017**

Fellesrådet vurderte kor stor pengesum som dei skulle søkja om og ynskte i tillegg å søkja om midlar til kyrkjelydsprest sidan kommunen har ynskt å ha kyrkjelydsprest i Fitjar.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Fellesrådet viser til saksutgreiing og søknad med notat og går inn for at det skal sendast søknad til kommunen om å få auka tilskotet til kyrkja for 2017 med kr. 500 000 og i tillegg kr. 300 000 øyremerka kyrkjelydspresten

### F- Sak 07/17: Endring av inventar i kyrkja

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sluttar seg til dei endringane av kyrkjeinventar som er gjort greie for saksframstillinga. Endringane må meldast inn til Biskopen i Bjørgvin.

#### **Behandling i Fellesrådet 16. februar 2017**

Fellesrådet foreslo å endra prøvetid utan dørar i benkene frå to til tre år.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Fellesrådet sluttar seg til dei endringane av kyrkjeinventar som er gjort greie for i saksframstillinga med endring av prøvetid utan dørar i benkene frå to til tre år. Endringane må meldast til Biskopen i Bjørgvin.



### **F-Sak 08/17: Godkjenning av referat**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 19. januar 2017.

#### **Behandling i Fellesrådet 16. februar 2017**

#### **Vedtak: (samrøystest)**

Som fremlegg.

### **F-Sak 09/17: Meldingsaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek meldingane til orientering.

#### **Behandling i Fellesrådet 16. februar 2017**

I møtet vert me orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprojektet, status for arbeidet  
Pipene er på plass.  
Intonering/stemming må skje med ein temperatur på 21 grader C.  
Rekkverk er bestilt og vil verta malt på dugnad.  
Deretter vert trappearrangementet på galleriet lagd.  
Stabilisering av klokka i klokketårnet er ferdig.  
13. mars vert det dugnadsfest for dugnadsjengen og soknerådet på hotellet.  
Det går bra med pengeinnsamlinga til orgelet, men ein har eit avvik på kr. 100 000.
2. Søknad om permisjon  
Birgitte Brenner går i permisjon frå slutten av mars og ut juni då ho tek eit 100% lærarvikariat i skulen.

#### **Vedtak:**

Som framlegg.

### **F-Sak 10/17: Open post**

#### **Behandling i Fellesrådet 16. februar 2017**

Per Drønen

- ynskjer utlevering av salmebøker i kyrkja sjølv om ein nyttar framvisar av teksten på lerret sidan søylene nokon stader stengjer for muligheit til å sjå.
- Fleire bør kursast i å operera det nye lydanlegget.
- Det må ordnast med å takka dei som donerar midlar til kyrkja.

Rasmus Fitjar

- Vil ta opp som sak i neste møte om å vurdere at medlemmane i felles- og soknerådet vert medlem i Bedehuset.